



Statens vegvesen Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/120 - 16/16280

Saksbehandlar:  
Marianne Aadland Sandvik  
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.  
no

24.08.2016

## Høyringsbrev - GBNR 18/36, Sagstad - Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for oppføring av tremannsbustad

### Saka gjeld:

Majo Eigedom AS har på vegne av tiltakshavar, Geir Helgesen, søkt om dispensasjon og rammeløyve for oppføring av tremannsbustad på gbnr. 18/36.

Eigedomen er regulert til frittliggjande småhusbebyggelse i reguleringsplan for Solhaug, vedteken 16.9.2009, der ein tillet oppføring av einebustadar. Ettersom det er søkt om oppføring av tremannsbustad er det søkt om dispensasjon frå reguleringsplanen på dette punktet.

Vidare set reguleringsplanen ei grense for utnytting av eigedomen på 30% BYA. Ettersom det er søkt om oppføring av 35% BYA er det difor også søkt om dispensasjon frå regulert utnyttingsgrad.

Eigedomen er tiltenkt tilkomst over gbnr. 18/34 og 18/14 fram til fylkesvegen. Alternativt over gbnr. 18/31. Ingen av alternativa er sikra privatrettsleg etter plan- og bygningslova (pbl) § 27-4 første ledd på noverande tidspunkt. Ansvarleg søkjar er gjort merksam på at dette må avklarast før kommunen kan handsame søknad om rammeløyve.

Ansvarleg søkjar er i tillegg gjort merksam på at kommunen ikkje kan handsame søknad om rammeløyve før det er søkt om, og gitt løyve til, utvida bruk av avkjørsel til fylkesvegen. I denne omgang er det difor berre søknad om dispensasjon frå reguleringsplanen som tillet einebustad på eigedomen, til tremannsbustad, som skal handsamast.

### Dispensasjon:

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak reglane det vert søkt dispensasjon frå og frå pbl § 1-1.

Dispensasjon kan ikkje gis dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert vesentleg sett til side. I tillegg må fordealen ved å gi dispensasjon vere klart større enn

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon skal det leggjast vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gi løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl § 21-5 tredje ledd.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon fra krav om tunytting, og planlagt formål GBNR 18/36 i reguleringsplan for Solhaug Kart og bekreftelse

**Mottakere:**

Statens vegvesen Region vest

Askedalen 4

6863

LEIKANGER